

Til planstyresmakter, grunneigarar og andre rettshavarar

Vår ref.:  
52602805/Document1

Dato:  
2026-06-25

## Varsel om oppstart for reguleringsplan for Lontjørn, planID 46182024004

I medhald av plan- og bygningslova §12-8 varslar Norconsult Norge AS på vegne av Odda idrettslag oppstart av ny detaljreguleringsplan for Lontjørn i Ullensvang kommune. Vedlagt kart illustrerer varslingsgrensa for reguleringsplanen.

Hovudintensjonen med planen er å legge tilrette for skiaktivitet for born og unge. Detaljreguleringsplanen vil opne for naturleg utvikling av skianlegget, og samstundes regulere tidlegare tiltak som ikkje er i tråd med gjeldande plan. Reguleringsplanen vil regulere eksisterande langrenns- og skiskytterstadion med tilhøyrande løypeutsear, stadionbygg/klubbhus, lagerbygg for stadion, garasje/lager for løypeutstyr, adkomstveg og parkering.

Vår samla vurdering er at planområdet og tiltaka i planen ikkje er av typen der dei særskilde utgreiings- og handsamingsreglane for konsekvensutgreiing gjer seg gjeldande. Ullensvang kommune kan likevel stille bestemte krav om utgreiingar for å få saka tilstrekkeleg opplyst før den vert lagt fram til handsaming.

Innspel eller spørsmål knytt til planarbeidet kan sendast til Norconsult ved Katrine Helle Midtbø, tlf.: 91 88 07 30 eller per e-post til [katrine.helle.midtbo@norconsult.com](mailto:katrine.helle.midtbo@norconsult.com).

Kopi av uttalen kan sendast per e-post til [postmottak@ullensvang.kommune.no](mailto:postmottak@ullensvang.kommune.no).

**Frist for å koma med innspel er 06.08.2026.**

Med vennleg helsing  
Norconsult Norge AS

Katrine Helle Midtbø